

MØTEBOK

Vestlandsrådet

Dato: 02. desember 2008 **Kl.:** 18.00 – 19.20 **Stad:** Alexandra hotel, Molde
03. desember 2008 09.30 – 13.30

Saknr.: 19/08 - 25/08

MØTELEIAR

Torill Selsvold Nyborg

DESSE MØTTE

Handeland, Gisle (A-H)
Aasen, Jon (A-MR)
Tvedt, Tom (A-R)
Grimstad, Oskar Jarle (FRP-MR)
Ingvaldstad, Ola (FRP-R)
Bratland, Olav (H-MR)
Råheim, Mathias (H-SF)
Nyborg, Torill Selsvold (KRF-H)
Eide, Rigmor Andersen (KRF-MR)
Solheim, Ellen (KRF-R)
Sandal, Nils R. (SP-SF)
Olsen, Mette Holmefjord (SV-H)
Braut, Jarle (V-R)
Strømme, Mona Røsvik (H-H)
Longvanes, Leif (SV-SF)

møtte for Tom-Christer Nilsen
møtte for Heidi-Kathrin Osland

FORFALL

Bremer, Tor (A-SF)
Søviknes, Terje (FRP)
Førde, Elin Merethe (FRP-SF)
Nilsen, Tom-Christer (H-H)
Johnsen, Janne (H-R)
Osland, Heidi-Kathrin (SV-SF)
Gjerde, Gunn Berit (V-MR)

DESSUTAN MØTTE

Fylkesrådmann Paul M. Nilsen, Hordaland fylkeskommune
Næringssjef Norvald Skretting, Rogaland fylkeskommune
Fylkesdirektør Velaug Veum, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Rådgjever Olav Brevik, Møre og Romsdal fylke
Stabsleiar Matti Torgersen, Hordaland fylkeskommune
Førstekonsulent Randi Klæbo, Rogaland fylkeskommune
Informasjonsrådgjever Simon Sortland, Hordaland fylkeskommune

MERKNADER TIL INNKALLINGA

Det var ingen merknader til innkallinga.

GODKJENNING AV SAKLISTA

Leiaren gjorde framlegg om at sak 24/08 vart handsama som første sak. Med denne endringa vart saklista godkjend.

GODKJENNING AV MØTEBOKA 18.09.08

Møteboka vart godkjend utan merknader.

YMSE

2. desember var det orientering om ”Forskningsrådets strategier for regional forskning og innovasjon” v/ direktør i forskningsrådet Arvid Hallén.

3. desember var det presentasjon av SIVA si rolle i innovasjonsarbeidet, og regionale innovasjonsselskap v/adm. direktør Harald Kjeldstad.

OPEN TIME

Tom Tvedt ba om at det vart teke inn protokollmerknad om at Vestlandsrådet må møta fulltallig.

Rigmor Andersen Eide bad om løypemelding om kulturprosjektet til neste møte.

Olav Bratland påpeika at krisepakka frå Regjeringa med tiltakspakkemidlar må vera av slik karakter at det ”monar”.

Vestlandsrådet vil avvente til krisepakka kjem i januar før eventuell vidare prosess.

Rigmor Andersen Eide ønskte at Vestlandsrådet møter Storting og Regjering/departement med omsyn til E39 Kystamvegen og NTP.

Leiaren opplyste at det har funne stad møte, partigruppevis, med stortingsgruppene. Ein vil kome attende til eventuell vidare oppfølging i neste møte.

Nils R. Sandal spurte om Vestlandsrådet skal ha ei rolle i saka om forskningsregionar.

Leiaren sa frå om at den enkelte fylkeskommune må først handsaka saka i egne politiske organ før tingingar kan finna stad.

Olav Bratland sa at Møre og Romsdal fylke saman med NHO og LO har sendt inn fråsegn om at dei ønskjer at forskningsregionane følgjer regioninndelinga.

Jon Aasen gjorde framlegg om at det til neste møte vert teke opp Nasjonal rassikringsgruppe sitt framlegg til behov for auka midlar.

Gisle Handeland sette fram slikt forslag til fråsegn:

” Håndtering av vraket av U-864 og kvikksølvtrusselen

Kvikksølv er blant de aller farligste miljøgiftene og utgjør en stor trussel for mennesker og miljø.

Derfor er vraket av U-864, med en kvikksølvlast på 60-70 tonn på havbunnen utenfor Fedje, en miljøutfordring som må håndteres på en måte som gir sikkerhet i dag og i all fremtid.

Norges omdømme som miljønasjon og fiskerinasjon avhenger av at u-båtvraket blir håndtert slik at vi unngår forurensing og store skader på miljø og fiskeriressurser.

Det er en forutsetning at løsningen som velges har bred tillit og skaper trygghet for at alt som kan gjøres for å fjerne miljørisikoen, blir gjort. Uroen hos lokalbefolkningen må tas på alvor, slik det ble gjort da vraket av Murmansk nylig ble besluttet fjernet.

Både hevingsalternativet og tildekkingsalternativet innebærer tildekking av 30 mål med forurenset havbunn.

Vestlandsrådet mener at hevingsalternativet vil være den riktige miljømessige løsningen for fremtiden og kommende generasjoner. Vestlandsrådet konstaterer at hevingsoperasjonen vil kunne gjennomføres innenfor en akseptabel risiko og går derfor inn for en slik løsning.”

Handeland sitt forslag til fråsegn vart samrøystes vedteke.

Mette Holmefjord Olsen spurte kor langt fylkene var komen i arbeidet med Kystskogmeldinga og med fokus på Grønn energi generelt.

Det vart vedteke at temaet om Grøn energi blir tillagt strategidokumentet for Vestlandsrådet.

MELDINGAR

Periode: 18. september 2008 - 02. desember 2008

Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel
22/08	200800578-14	Vedrørende dumping av fisk
23/08	200800581-38	Invitasjon til deltakelse som vertskap til middag under Vestlandets Fellesstand Aqua Nor i 2009
24/08	200800575-28	E39 Kyststamvegen - i statsbudsjettet for 2009
25/08	200800575-24	Samferdsel - svar på brev fra Vestlandsrådet

SAKNR.

19/08 STRATEGINOTAT FOR VESTLANDSRÅDET

Leiaren gjorde framlegg om at saka vert utsett.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Saka vert utsett.

20/08 VIDARE SAMARBEID MELLOM FYLKESKOMMUNANE PÅ VESTLANDET MED TANKE PÅ Å FREMJE NYNORSKE LÆREMIDDEL

Torill Selsvold Nyborg sette fram slikt forslag til nytt punkt 3:

- ”3. Vestlandsrådet henvender seg til Kunnskapsdepartementet og forlaga med forventning om at nynorske og framandspråklege lærebøker og spesialmateriell til syn- og hørslehemma vert klart til oppstart 2009.”

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Nyborg sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Samarbeid mellom fylkeskommunane med tanke på å fremje nynorske læremiddel vert teke til drøfting.
2. Vestlandsrådet registrerer at det framleis er problem med å få lærebøker på vidaregåande skuler til rett tid. Dette gjeld spesielt knytt til læremiddel på begge målformer, spesielt innan små fag. Dette er ikkje akseptabelt og fylkeskommunane arbeider difor med sikte på å fremje nynorske læremiddel. Vi vil samstundes oppmode Regjeringa om å leggje til rette for dette, t.d. gjennom press mot bransjen og gjennom tilskotsordningar for lærebøker i smale fag på begge målformer.
3. Vestlandsrådet henvender seg til Kunnskapsdepartementet og forlaga med forventning om at nynorske og framandspråklege lærebøker og spesialmateriell til syn- og hørslehemma vert klart til oppstart 2009.

21/08 EU SIN SAMHØYREPOLITIKK - HØYRINGSFRÅSEGN

Torill Selsvold Nyborg gjorde framlegg om at setninga i kulepunkt 3 ”Vestlandsrådet vil spesielt framheve....” vert eige kulepunkt.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Nyborg sitt endringsforslag vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1.	<p>Vestlandsrådet har følgjande merknader til EU sin samhoypolitik til Kommunal- og regionaldepartementet:</p> <ul style="list-style-type: none">• Vestlandsrådet vil peike på at eit sterkt regionalt nivå er ein føresetnad for ein regionalpolitikk basert på utvikling av regionale fortrinn og for samhoypolitikken. Vi meiner difor at EU sin samhoypolitik må ha dette som eit sentralt utgangspunkt.• Vestlandsrådet støtter synspunkta i grønboka om at ein unngår for sterk konsentrasjon av veksten, og at det vert arbeidd for ein jamn og berekraftig utvikling i heile området.
----	--

	<p>Vi er samd i at mindre bygdebyar har ei viktig rolle for å stimulere til økonomisk utvikling i utkantområde.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vestlandsrådet er samd i at det må takast spesielt omsyn til område med spesielle geografiske tilhøve, som fjellregionar, øyregionar og spreitt befolka område. • Vestlandsrådet vil spesielt framheve at norske fjordbygder har mange av dei same utfordringane som fjellområde med vanskeleg kommunikasjonar og små arbeidsmarknader. Det må også takast omsyn til at vi har spesielle utfordringar knytt til mindre øysamfunn utan vegsamband med fastlandet. • Vestlandsrådet vil peike på positive erfaringar med norsk deltaking i program som understøtter samarbeid med regionar i Europa, og ønskjer at Noreg fortsett vil ta del i programma
2.	Leiar av Vestlandsrådet får i fullmakt å kunne slutte seg til ei felles uttale frå alle norske kystfylke til EU-kommisjonen.

22/08 FORVALTINGSPLANAR FOR HAVOMRÅDA

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Vestlandsrådet ønskjer å halde seg orientert om forvaltingsplanen for Nordsjøen, og ber fylkesrådmannen kome attende til saka på eit seinare tidspunkt.

23/08 EU SIN MARITIME POLITIKK - OPPFØLGING

Torill Selsvold Nyborg gjorde framlegg om at pkt. 3 vert stroke.

Det vart gjort framlegg om desse medlemene til rådet:

Rogaland:	Janne Johnsen	vara:	Ola Ingvaldstad
Hordaland:	Tom-Christer Nilsen	vara:	Gisle Handeland
Sogn og Fjordane	Mathias Råheim	vara:	Heidi-Kathrin Osland
Møre og Romsdal	Rigmor Andersen Eide	vara	Jon Aasen

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forlag med Nyborg sitt endringsforslag vart samrøystes vedteke.

Forslaget til medlemmer av rådet vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Maritim politikk i brei betydning er eit sentralt området for Vestlandsfylka, og det er behov for å utvikle ein regionalpolitikk som ei utdjuping av nasjonal og internasjonal politikk innan dette feltet. Vestlandsrådet ønskjer eit møte med UD og KRD om ein dialog om oppfølging av EU sin maritime politikk.
2. Vestlandsrådet oppnemner følgjande medlem av rådet til ei oppfølgingsgruppe innan dette politikkområdet

Rogaland:	Janne Johnsen	vara:	Ola Ingvaldstad
Hordaland:	Tom-Christer Nilsen	vara:	Gisle Handeland
Sogn og Fjordane	Mathias Råheim	vara:	Heidi-Kathrin Osland
Møre og Romsdal	Rigmor Andersen Eide	vara	Jon Aasen

Denne gruppa skal ha eit møte med sentrale styresmakter om utvikling av dette politikkområdet. Vidare skal gruppa initiativ til ei utgreiing saman med relevante fagmiljø med sikte på å drøfte regionalpolitiske utfordringar innan ramma av EU sin maritime politikk og av norsk oppfølging av denne politikken. Gruppa er styringsgruppe for dette arbeidet.

24/08 ORGANISERING AV VESTLANDSRÅDET

Torill Selsvold Nyborg sette fram slikt forslag:

- ”Fylkesutvala i medlemsfylka samlast i Bergen 26. og 27. mai til strategisamling i Vestlandsrådet
- Det vert utarbeida ein Vestlandstraktat som vil vera forpliktande for Vestlandssamarbeidet.
- Det vert arbeidd vidare med innhaldet i samarbeidet i møtet 25.-26. februar.”

Olav Bratland sette fram slikt forslag til endra kulepunkt 2:

- ”Det vert utarbeidd ein samarbeidstraktat som har som mål å vera forpliktande for det vidare samarbeidet i Vestlandsrådet.”

Røysting

Nyborg sitt forslag med Bratland sitt endringsforslag vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

- Fylkesutvala i medlemsfylka samlast i Bergen 26. og 27. mai til strategisamling i Vestlandsrådet
- Det vert utarbeidd ein samarbeidstraktat som har som mål å vera forpliktande for det vidare samarbeidet i Vestlandsrådet.
- Det vert arbeidd vidare med innhaldet i samarbeidet i møtet 25.-26. februar.

25/08 MØTEPLAN 2009

Jon Aasen gjorde framlegg om at møtet i Møre og Romsdal vert 16. – 17. september.
Møtet i Sogn og Fjordane vert 25. - 26. februar.

Aasen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Korrigert møteplan vert sendt ut.

VEDTAK

25. - 26. februar (Sogn og Fjordane)
26. – 27. mai (Hordaland)
16. - 17. september (Møre og Romsdal)
30. november – 1. desember (Rogaland)

Torill Selsvold Nyborg

Mildrid Bertelsen
sekretær